



Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4066 Stavanger  
E-post: [helse@helse-vest.no](mailto:helse@helse-vest.no)

2006/320

23.01.2006

## **Ortopedi ved Lærdal sjukehus**

Vi syner til oppslag i media og brevet dykker 19.01.05 der de ber Helsetilsynet i Sogn og Fjordane sjå nærmere på følgjende problemstillingar:

- prioritering av pasientar
- finansiering av verksemda

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane meiner det i denne saka er grunn til både å presisere innhaldet i reglane om rett til val av sjukehus og prioritering av pasientar, og å sjå på om prioriteringane av ortopedipasientane ved Lærdal sjukehus faktisk har skjedd i samsvar med reglane i lov om pasientrettar. Vi vil i dette brevet gjere greie for korleis vi forstår regelverket. Det andre spørsmålet vil vi komme tilbake til etter at vi har innhenta nødvendige faktaopplysningar frå Helse Førde og vurdert desse.

Retten til val av sjukehus følgjer av lov om pasientrettar § 2-4. Prioritering av pasientane skal skje i samsvar med reglane i §§ 2-1, 2-2 og prioriteringsforskrifta.

Det går fram av reglane at

- prioriteringa skal skje etter kriteria i prioriteringsforskrifta
- det materielle grunnlaget for prioritering skal vere den medisinske tilstanden til pasienten
- geografi er ikkje eit prioriteringskriterium, og ein behandlingsstad har ikkje høve til å avvise pasientar frå eigen helseregion

### **Retten til val av sjukehus**

Regelen i lov om pasientrettar § 2-4 slår fast at

*Pasienten har rett til å velge på hvilket sykehus eller distriktspsykiatrisk senter, eller behandlingssted i en slik institusjon, behandlingen skal foretas. Det er en forutsetning at sykehuset eller det distriktspsykiatriske senteret eies av et regionalt helseforetak eller har avtale med et regionalt helseforetak som gir pasienten en slik valgrett.*

*Pasienten kan ikke velge behandlingsnivå.*

*Departementet kan gi nærmere forskrifter om slike avtaler som er omtalt i første ledd.*

Regelen gjeld all planlagt utgreiing eller behandling. Regelen gjeld ikkje ved øyeblinkeleg hjelp, men tek til å gjelde når det ikkje lenger er tale om øyeblinkeleg hjelp. Regelen gjeld ved alle trinn i behandlinga, også ved vurdering av om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta, jf § 2-2.

## **Formålet med regelen**

Formålet i lov om pasientrettar er i følgje § 1-1 i lova å *bidra til å sikre befolkningen lik tilgang på helsehjelp av god kvalitet ved å gi pasientene rettigheter overfor helsetjenesten, og bidra til å fremme tillitsforholdet mellom pasient og helsetjeneste og ivareta respekten for den enkelte pasients liv, integritet og menneskeverd.*

Regelen om rett til fritt sjukehusval skal både

- bidra til å sikre befolkninga lik tilgang på helsehjelp av god kvalitet
- bidra til å utjamne ventetid og optimalisere ressursutnytting i sjukehussektoren sett under eitt, og
- bidra til å styrke pasientane sin rett til medverknad på helseområdet ved å gi rett til å velje på kva sjukehus dei vil ha behandling

Vi vil og peike på siste ledd i § 1 i helseføretakslova der det heiter:

*.....Helseforetakenes formål er å yte gode og likeverdige spesialisthelsetjenester til alle som trenger det når de trenger det, uavhengig av alder, kjønn, bosted, økonomi og etnisk bakgrunn, samt å legge til rette for forsking og undervisning.*

## **Retten til vurdering og behandling**

Etter § 2-2 har pasienten rett til å få helsetilstanden sin vurdert av spesialisthelsetenesta innan 30 dagar. Han skal ha vurderinga før dersom tilstanden tilseier det. Ved vurderinga skal legen ved det sjukehuset som tek i mot pasienten ta stilling om pasienten har rett til helsehjelp frå spesialisthelsetenesta etter § 2-1. 2. ledd og fastsetje ein frist for når pasienten seinast skal ha fått behandling i høve kva som vert vurdert som medisinskfagleg forsvarleg. Denne fristen er bindande, men nye opplysningar kan føre til at fristen vert endra slik at pasienten får hjelp tidlegare. Dersom tilstanden endrar seg slik at pasienten ikkje lenger vert vurdert å ha rett til nødvendig helsehjelp, vil ikkje fristen gjelde.

## **Kva sjukehus pasienten kan velje**

Ortopedipasientar kan etter regelen om fritt sjukehusval velje på kva sjukehus, eller ved kva behandlingsstad i slik institusjon han vil ha behandlinga. Meininga med formuleringa *eller behandlingssted i en slik institusjon* er å presisere at pasienten også har valrett med omsyn til behandlingsstad innanfor eit helseføretak med fleire sjukehus, sjå Innst. O. nr 23 (2003-2004). Det betyr at ortopedipasientar ved val av sjukehus skal kunne velje blant dei sjukehusa under Helse Førde HF som behandler ulike ortopediske lidingar.

## **Prioritering av pasientar**

Retten til helsehjelp frå spesialisthelsetenesta følgjer av lov om pasientrettar § 2-1, 2. ledd. I prioriteringsforskrifta § 2 er vilkåra for rett til nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta nærmare presisert. Det går fram at prioriteringa skal skje etter medisinske vurderingar, og at pasientar med rett til nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta skal ha prioritet framfor andre pasientar. Merknader til forskrifta er tekne inn i rundskriv IS-12/2004 frå Sosial- og helsedirektoratet.

Det regionale helseføretaket har plikt til å syte for nødvendig helsehjelp til alle pasientar med bustad innanfor regionen, jf spesialisthelsetenestelova § 2-1a.

I prioriteringa mellom pasientar frå eigen helseregion og andre regionar vil utgangspunktet for legen som gjer vurderinga vere at alle pasientar skal vurderast ut frå eit medisinsk forsvarleg skjøn. Utgangspunktet ved fritt sjukehusval er at legen skal prioritere pasientane på lik linje uavhengig av kvar pasienten er busett. Legen ved eit sjukehus i ein region kan såleis ikkje nedprioritere pasientar busett i ein annan region. Det er likevel høve til å avvise pasientar busett i ein annan region når sjukehuset må prioritere rett til vurdering og behandling for pasientar inanfor eigen region. Det er ikkje høve til å avvise pasienten etter at han er sett på venteliste. Sjukehuset må derfor fastslå om det har kapasitet til å vurdere og behandle pasienten før dei registerer pasient frå annan region på venteliste.

Ortopediklinikken i Lærdal kan altså ikkje avvise pasientar frå Hordaland, Rogaland eller Sogn og Fjordane. Desse skal prioriterast etter kriteria i prioriteringforskrifta, og det skal setjast ein behandlingsfrist. Det betyr at ein pasient frå Rogaland eller Hordaland berre skal gå føre ein pasient frå Sogn og Fjordane som har lågare prioritet.

### **Finansiering**

I pressemelding frå Helse Vest, referert på NRK Sogn og Fjordane si nettside 19.01.06, heiter det:

*- Ordninga gjekk ut på at sjukehus med ledig kapasitet tok i mot pasientar som sto på venteliste ved andre sjukehus. Helseføretaka som tok i mot pasientar, fekk betalt enn til vanleg for å behandle desse. Ordninga med det økonomiske tilskottet blei vidareført ut 2005, fortel Helge Bryne.*

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane kan ikkje sjå at ei slik finansiering i seg sjølv er i strid med helselovgjevinga, men ho kan innebere ei økonomisk stimulering som kan utfordre kravet om geografisk likebehandling som følgjer av pasientrettsslova. Det økonomiske incentivet vil vere eit uheldig styringssignal om ein ikkje samstundes har sikra at all prioritering av pasientar uavhengig av dette skjer på vanleg måte i samsvar med prioriteringforskrifta, og at retten til val av sjukehus vert ivaretaken også for pasientar frå eige fylke.

### **Styrevedtaket i Helse Førde**

I styrevedtaket til Helse Førde 20.12.04 heiter det:

*Styret har vedteke at det skal opprettast ein ortopediklinikk i Lærdal. Det er budsjettert med ein aktivitet på 1600 DRG-poeng. Det er ein føresetnad at det er pasientar som ikkje er heimehøyrande i Helse Førde, eller pasientar som alternativt hadde vorte handsama utanfor vårt foretak. Dette er ein viktig forutsetting for den samla aktiviteten i Helse Førde. Ut frå at aktivitet blir "henta" utanfor Helse Førde bør ein ha 80% refusjon av DRG sats. Dette vil bli nærmere avklart mellom Helse Vest og Helse Førde.*

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane kan ikkje sjå at dette vedtaket i seg sjølv er i strid med helselovgjevinga, men det er særskilt krevjande å realisere innafor pasientrettsslova sitt krav om geografisk likebehandling. Ein kan oppmode pasientar frå Helse Førde sitt opptaksområde om å velje andre sjukehus i føretaket, men dersom pasienten ønskjer å verte vurdert og behandla ved ortopediklinikken i Lærdal, kan ein ikkje nekte dei det. Eit styrevedtak set ikkje til side reglane i pasientrettsslova.

Vi vonar dette gjev svar på spørsmål knytt til lovtolking og finansiering, og kjem tilbake med ei konkret vurdering av kva som har skjedd med pasientane som er vist til ortopediklinikken ved Lærdal sjukehus.

Med helsing

Petter Øgar  
fylkeslege

Turid Måseide  
rådgjevar

Kopi som e-post til:

- Helse- og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo. E-post: [postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)
- Helse Førde v/adm. direktør, Førde sentralsjukehus, 6807 Førde. E-post: [post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)
- Helsetilsynet i Rogaland ved kontaktfylkeslege Ole Mathis Hetta, Postboks 59, 4001 Stavanger. E-post: [postmottak@fmro.no](mailto:postmottak@fmro.no)
- Helsetilsynet i Hordaland. E-post: [postmottak@fmho.no](mailto:postmottak@fmho.no).

Sakshandsamar: Turid Måseide ☎ 57 65 55 16      E-post: [tbm@fmsf.no](mailto:tbm@fmsf.no)